

Astor Furseth

Bjørn og ulv som dødsårsak i norske kyrkjebøker

Kyrkjeboka som kjelde

Kyrkjeboka, også kalla ministerialboka, er ei viktig samtidskjelde. Dette er embetsbok for kvart prestegjeld eller kyrkjesokn med opplysningar om kyrkjeloge handlingar.

I løpet av 1700-tallet, gjerne etter dei første par–tre tiåra, får vi ei landsomfattande skriftleg kjelde om dødsfall.¹ Det finst rett nok oppbevart nokre få eldre kyrkjebøker i enkelte sokn, og den eldste bevarte norske kyrkjeboka er frå Andebu i Vestfold frå 1624. Men desse eldste bøkene gir nesten ingen opplysningar om dødsfall. I eit nytt kyrkjeritual frå 1688 vart det for første gong fastsett registrering av gravferder, men det tok lang tid før kyrkjeboka vart ført på nokolunde systematisk måte (i motsetning til Sverige som heilt frå 1648 inneheldt meir informasjon).

Etter kvart som kyrkjeboka vart meir vanleg, reknar vi med å finne opplysningar om blant anna dødsårsak. Men ei systematisk registrering finst sjeldan, og mangel på skriftleg kjelde for dødsårsak i kyrkjebok, i allfall for 1700-tallet, utelukkar ikkje noko som helst. Innførsel om dødsårsak vart meir alminneleg frå tidleg på 1800-talet, og i 1820 kom endeleg eit reskript med påbod om dødsårsak dersom ein person døde av smittsam sjukdom eller ved ulykke. Frå 1812 vart det dessutan obligatorisk at klokkaren også førte ei bok etter same mønster som presten. Ordninga gjaldt til 1820, men klokkarboka vart mange stader vidareført. Frå tidlig på 1800-talet gir altså kyrkjebøker og klokkarbøker ofte opplysningar om dødsfall.

Nokre har hevdat at for ei så spesiell dødsårsak som t.d. rovdyrangrep, ville presten likevel ha omtalt det også i eldre kyrkjebøker, men det er lett å påvise at mange årelange ”seriar” av kyrkjebøker ikkje nemner dødsårsak, sjølv om vi veit frå andre kjelder at det må ha skjedd dramatiske dødsfall; brent inne, stukken av kniv, fall utfor eit fjell, teken av skred, drukna, råka av lyn osv.

Ståle Dyrvik nemner dette i boka Historisk demografi. Han arbeidde med ei bygdebok, og i kyrkjeboka for bygda kom han fram til februar 1733, der det var fleire sider med døde, om lag ein tiandedel av bygda hadde bukka under i løpet av nokre månader. Presten kunne altså sitje der og registrere døde veke etter veke utan å nemne dødsårsak med eitt ord.²

Ei anna eksempel: I Ranas første kyrkjebok, 1704–1728, ført av *fire* etterfølgjande prestar, er skiven ”etter Loven og Ritualet”, og der vart ikkje gjort ein einaste merknad av noko som helst i desse 24 åra – bortsett frå då det vart bygd ny kyrkje: ”i den ny opbyggede Moe Kirche”.

Det er også kjent skredulykker med omkomne, som er godt dokumenterte, der det heller ikkje er skrive inn dødsårsak. I Skeafallet 15. april 1768 døde 16 menneske på Skea i Sørumsbygda på Romerike. Sokneprest Mandahl skreiv om hendinga i Norske Intelligentz-Sedler, men verken kyrkjeboka eller kallsboka har nokon innførsel om ulykka.³

Slik også i 1757 då «udtogenes Gjedevigen 2den Gang af Fondløb. Baade med Huse, Folk, Kreatur og alt.” Talet på omkomne vart sju. Kyrkjeboka for Volda 1741–1760 s. 134 har berre namna på familien Giedevig saman med dei andre gravlagde dette året, utan at dødsårsak er nemnd i det heile i denne perioden.

Noreg har hatt ei statskyrkje som tilnærma omfatta heile befolkninga, og vi skulle forvente at kyrkjebøkene tok med praktisk talt alle som budde i det enkelte prestegjeldet. Men ikkje berre manglar innførsel om dødsårsaker, endå til talet på døde er sterkt underregistrert. Statsarkivet opplyser at i mange prestegjeld på 1700-tallet kan vi rekne med at under halvparten av dødsfalla i det heile er registrert/bøkene bevart. Vi kan vise til eksempel frå kyrkjeboka for Bjerkreim i perioden 1741–1754 der berre to personar er innført som døde, medan gjennomsnittet elles er 12–15 per år.

I kyrkjeboka er det den kyrjelege seremonien/handlinga som blir registrert, det som kallast jordpåkasting eller jordfesting, og vi kan ikkje vere sikre på om verken talet eller tidspunktet samsvarer med dødsfallet. I eldre tid var det mange stader heilt vanleg at gravlegginga på kyrkjegarden skjedde utan prest, kort tid etter dødsfallet, og jordfestinga eller jordpåkastinga skjedde ofte lenge etterpå. I fleire tilfelle er det klart at presten attpå til må ha gløymt å føre inn, og dessutan er det mange dødsfall som det ikkje vart meldt frå om. Årsakene kunne vere store avstandar, sjeldne prestebesøk, periodar med dårlig vær, eller rett og slett for å spare utgifter. Og i dei tilfellene lika ikkje vart funne att; ved ulykker, forlis.⁴

I kyrkjebøkene i eldre tid ligg sjansar både for utegløymingar og ei viss mengde med skrivefeil i namn og datoar, forveksling av stadnamn og samanblanding av personar. Når både ministerialbok og klokkarbok er bevart, opnar det for å samanlikne opplysningane eller tette lakunar. Bøker eller lause sider kunne også ha kome bort ved brann, flaum, skred og fukt. Det kan vere ein viss grunn til å tru at der mangelen er størst, nettopp gjeld for distrikt som låg lengst utanfor sentrale stader, altså der vi kan rekne med folk hadde mest nærbondesamband med naturen.

Bispelistene

I 1663 kom eit påbod om at bispene årleg skulle sende inn oppgåve over fødde og døde til sentraladministrasjonen i København. Dette vart visstnok fort gløymt, men i Akershus og Bergen stift kom det i stand ei ordning med *innberetninger* ein gong mellom 1720 og 1735. Frå og med 1775 kom alle stift med. Men desse oppgåvene, såkalla bispelistene, er særslig ufullstendige og inneheld gjerne lite opplysningar utanom tala. Ein ekstra feil ved listene skuldast at innberetningane frå prestar (og prostar) kom for seint fram til bispekontora.⁵

(Obs. i sitat frå kyrkjebok/klokkarbok/bispelister i denne artikkelen, er det ikkje skilt mellom v og w.)

Oversikt

I kyrkjebøkene/klokkarbøkene og bispelistene er det i alt 47 innførslar om dei store rovdyra i samband med menneskelagnader. Dei eller fleste, 36, er funne i kyrkjebøkene og 9 i klokkarbøkene. Dei to innførslane som blir nemnde frå bispelistene er meir tilfeldige funn, for bispelistene er ikkje systematisk undersøkte. Det kan heller ikkje utelukkast at det finst innførslar i kyrkjebøkene/klokkarbøkene som ikkje er komne med i denne granskninga.

Nokre av dei innførte stadene som her bli sitererte, dreier seg om den same hendinga, og i alt dekker desse innførslane 33 hendingar; 28 om bjørn og 5 om ulv. Dette er nokså jamt fordelt på 1700- og 1800-talet, med unntak av klokkarbøkene der alle innførslar er etter 1800.

Om bjørn

Austlandet

År 1705, Iveland i Aust-Agder.

Dette er henta frå den eldste kyrkjeboka i soknet Evje/Iveland. Som vanleg i dei eldste kyrkjebøkene, er det særslig sparsamt med opplysningar, og også i denne kyrkjebokserien er

dødsårsak berre i sjeldne høve nemnt. Men denne gongen må presten ha funne hendinga så uvanleg at han tok den med.

I kyrkjeboka for Iveland i Evje 1705–1764 s. 5 går det såleis fram under gravferda 21. oktober 1705 at det vart halde:

"ligprædikk over Aanon, Tor Solbergs Søn, som den 15 Oct bleff slæget til døde af en Biorn udj sit 10 aar".

Etternamnet tyder på at guten kom frå garden Solberg i Iveland, ein stad som ligg langt oppe i eit dalføre om lag 6 km nordvest for bygdesenteret Iveland.

År 1746, Nome i Telemark.

På garden Helgetveit var ei jente oppe i Helgetveitskogen i juli 1746. Der vart ho funnen alvorleg lemlest, og nokre dagar seinare døde ho av skadane. Nome hørde på denne tida til Bø prestegjeld. Presten skreiv i kyrkjeboka for Bø 1733–1748 s. 35:

"Giordt Liigpr: ofver Gunlech Helgetvedts d: Gunhild ...[eit utydeleg ord] refven ihiel af biørn alder: 11 g Nog.Maan".

År 1764, Flesberg i Buskerud.

Helle Kittilson Åsland var gift med Sigrid Gulleksdotter Bekkin, og dei hadde fire barn. Frå 1762 budde paret på plassen Eide under garden Løstad (Tingboka 1764). Han vart gravlagd på Flesberg kyrkjegard i juni (meir presis dato er ikkje innført) 1764, og kyrkjeboka for Flesberg 1748–1790 s. 113, har innførselen nr. 41 i året 1764, under rubrikken "Junii Maaned":

"Helle Kittilsen Aasland eye, ihjelslagen paa Bjørneskytterie aw en Biørn, 37 Aar-g," I rubrikken for opholdssted: "Aasland eye".

Andre samtidskjelder om denne hendinga: Tingbok for Numedal og Sandsvær 1–75, år 1764 fol. 91a, og tingbøkene for 29.6. 1765 og 27.2. 1767.

År 1709, Øvre Eiker i Buskerud.

I fjellområda mot vest og Åmot, ligg garden Holte. Dette er ein gard i dalføret oppe i Bingen i den nordvestre delen av Eiker.

Presten forte inn i kyrkjeboka for Eiker 1705–1733, innført som nr. 62 i 1709, der sidetal manglar:

"14. Junj Sepult: Sara Hanssdtr, fra Holte som blef skamferet af en Biørn, hvor af hun kort effter døde: hendis Alder var 18 Aar, 3 Maaneder og= 9 dage."

I kyrkjeboka er det i tillegg gjort ein merknad:

"Skamferet af en Biørn."

År 1832, Nissedal i Telemark.

Dette skjedde i området på Heimdal, i Heimdalshei i Treungen. I Nissedal Bygdesoge blir det fortalt at Hæge Kyrkjebø var dotter til Håvard Kyrkjebø i Kyrkjebygdi, og at ho denne sommaren var gjetarjente på setra til Stolvatsøygarden. Dette er ei mil oppe i heia aust for Heimdal. I kyrkjeboka for Nissedal/Treungen 1814–1845 s. 107 står innført som dødsdag *"12te Juli"*, og på gravferdsdagen:

"22de Juli. Hæge Haavarsdatter Kirkebøes Hemdal 13 Aar. NB. Blev paa en Støil sønderrevet i Ansiget af en Bjørn, hvoraf hun efter Tvende Dagers Forløb, døde."

I klokkarboka står ho under døde, men berre med namn og dato.

År 1906, Flå i Buskerud.

Torsdag 16. august 1906 var gjetarguten Johan Sagadalen ved Blåfjellhaugane ovanfor Domfetsætrene i Hedalsvassfaret. I kyrkjeboka for Flå i Nes 1881–1917 s. 313 står om Johan Anderssen Sagadalen, død 14.9. 1906:

"Skambidt af Bjørn". "Skede ved Sætren Domsæt under Hilde – kom uforvarende nær Dyret; Øret udrevet Hoften bidt – laa 4 Ug i Drammens klinik før han +"

I klokkarboka for Flå i Nes 1901–1939 s. 206 står innført under Dødsårsak:

"Skambidt af bjørn" Under Anmerkninger: *"Døde paa Drammens sygehus."*

Andre samtidskjelder: Protokoll for Drammen Sykehus 18.8. 1906 og 14.9. 1906.

Drammens Tidende, 21.8. 1906. Intervju av augevitne i *Tidens Krav* 10.9. 1960.

Vestlandet

År 1739, Voss i Hordaland.

Soknepresten Ole Gjerdum skreiv inn ein merknad i kyrkjeboka for Voss 1736–1743 s. 70, på adventssøndag 29. desember 1739 ved Evanger kyrkje i gravferda til:

"Peder Jacobsen t: huus [bustad] paa Elgje ihiel reven af Een Biørn gl. 36 aar."

Andre samtidskjelder om hendinga: Tingboka for Voss for 1739/40.

År 1770–1772, Rauma i Møre og Romsdal.

I området for Grytten prestegjeld som den gongen omfatta Romsdalen, Isfjorden og Voll, vart det ifølge kyrkjeboka ein person drepen av bjørn i tida 1770–1771. Vi veit ikkje kvar i prestegjeldet dette hende, heller ikkje namnet på den omkomne. Ved kvar årsslutt førte soknepresten ein statistikk i skjemaform, blant anna med ein rubrikk for *Merkværdige Ting, blandt de døde*. I kyrkjeboka for Grytten 1764–1806 s. 133 står for perioden 1770–1771:

"Alderdom - 3, Barselseng - 1, Brystsye - 1, Dræbt af Bjørn - 1, Druknet - 3, Kighoste - 10, Orme-syge - 6, Qwalt - 1, Slag - 1, Soet - 7, Steensyge - 2, Tæring - 1."

Noko meir er ikkje å finne om dette. Grytten prestegjeld var vidstrakt, og det kan tenkjast at dette er ei gjentaking (sjå under), men statistikken må i så fall ha blitt ført minst eitt år (?) i ettertid.

I kyrkjeboka for Grytten 1764–1806, s. 145 står i denne årlege rubrikken for *Merkværdige Ting, -blandt de døde* i perioden 1771–1772:

"Alderdom - 14, Brystsye - 1, Dræbt av Bjørn -1, fod-syge - 1, Mave-soet - 1, Ormesyge - 1, Soet - 10, Spedalskhed - 1."

Her får vi også forklaring på innførsel dette året, for i kyrkjeboka for Grytten 1764–1806 s. 134 er det innført på 1. søndag i advent, dvs. 3. desember 1771, at presten i Gryttens sokns Heen kyrkje (i dag kalla Isfjorden kyrkje):

"holdt Liigtale over Hans Ingerictsøn Torvik, 12 Aar gl. Dræbt af Bjørn."

Eit stykke ute på nordsida av fjorden ligg garden Torvika, og det var på bruket Nedre-Torvika vi ser at det budde ein Hans, med foreldra Ingebrigts Taraldsen Torvik og Anne Jonsdatter.⁶

År 1775, Halsa i Møre og Romsdal.

Dei mest bjørnerike traktene på Nordmøre var Hjelmen, Blåfjellet, i Vassdalen og Vullumsfjellet – og her var nettopp tilhaldsstaden for ”Mannbjønnen” som det blir fortalt om drap heile fem menneske i åra 1775–1776. Men i kyrkjeboka er det berre ein innførsel om dette, skiven av presten Niels Godske From då han heldt likpreike 1. søndag etter Treenighetssøndag (18. juni) 1775. I kyrkjeboka for Aure 1772–1819 s. 33 står:

"Liigprædiken over Piigen Giertrud LarsDatter Henden gammel 26 aar. NB. Hun blev ihielreven af en Biørn."

Kyrkjeboka som omfatta områda som kom under Stangvik sokn, er ikkje tilgjengeleg. Frå Digitalarkivet blir det meldt om ministerialbøker for Stangvik: "592.A01 1784–1819 06 Hele prestegjeldet. Ført kronologisk 1784–1819. Eldre kirkebøker gikk tapt da prestegården brant etter lynnedsdag 27.11. 1783."

Presten Niels Godske From skreiv elles om hendingane i: Beskrivelse over Oure gjeld. Topografisk Journal for Norge, hefte 19, 1797.

Andre samtidskjelder er kaptein i Det Brøsiske Kompani i Stangvik, Johan Michael Meldals to brev til amtmannen i Romsdal, av 4. mai 1776, og 30. juli 1776. (Vitenskapsselskapet NTNU manuskriptsamling nr. 104 in. fol.)

Også *Dragsetvisa*, som blir rekna å vere frå 1776 eller 1777, men dateringa er usikker.

År 1815, Rauma i Møre og Romsdal.

I oktober 1815 var den 22-årige drengen Anders Andersen Aasen frå Isfjorden og den 48-årige Ole Tollevsen frå Fonden oppe i eit skogsområde i Breivikstrand ved Isfjorden. Dette er på andre fjordsida tvers overfor dagens kommunesenter Åndalsnes og endestasjon for Raumabanen.

Soknepresten for gamle Grytten prestegjeld, Hans Rasmus Astrup (1805–1827), skreiv inn ved gravferda til Anders den 29. oktober 1815 i kyrkjeboka for Grytten/Heen 1807–1817 s. 689:

"NB. Drengen Anders Anderssen Aasen jordet død 20de October ved at blive ilde tilreedt og dræbt paa stedet af en Biørn, i Fieldet ovenfor Strand. gl. 22 aar."

Sju dagar etterpå vart det ei ny gravferd, denne gongen i Grytten kyrkje, og slik står det i kyrkjeboka for Grytten/Heen 1807–1817 s. 690:

"NB. 4. November jordet i Grytten Manden Ole Tollevsen Fonden død d. 24d October ved 4 Dage forud at være bleven beskadiget og ilde tilreedt af den Biørn som efter overanmerkede dræbte drengen Anders Aasen. 48 aar."

I kyrkjeboka for Grytten 1807–1817 s. 47 førte presten inn i dagregisteret, som ein statistikk ved årets slutt, i form av: Besvarelse paa følgende spørgsmaale:

"Hvor mange ere døde af ulykkelige hændelser og om hvilke? ... af en Biørn reven til døde: 2."

Det ligg ikkje føre klokkarbok for denne perioden.

År 1832, Jølster i Sogn og Fjordane.

Garden Klakegg ligg oppe i Våtedalen, omtrent der Stardalen tar av mot aust. Bendik Johansen (Jeremiassen) Øvrebø var bonde og budde på Framigarden på Klakegg. 13. oktober 1832 var han på bjørnejakt saman med tre karar, den eine av desse var Bertel Andtonsen. I fjellet ovanfor Mykland i Breim kom dei brått på bjørn, og Bendik skaut eit streifskot som gjorde at dyret angrep først Ole Egge som vart sterkt mishandla, og så Bendik ([etter](#) Claus Winter).

I kyrkjeboka for Jølster 1821–1833 s. 154 står:

"D[ød]. 13.10. begravet 4.11. Gaardbruger Bendic Johansen 41 aar, bosted Klakegge. Ihjelskudt ved Vaadeskud af Berulf (Bertel) Andtonsen, begge paa Bjørneskytterie, i det at denne uheldigvis traf Manden, som kjempede med bjørnen, og han levede en Time efter skuddet."

At det gjekk heile 22 dagar før han vart gravlagd, må skuldast uvisse om kva som hende.

Det finst ingen klokkarbok for denne perioden.

Ei anna samtidskjelde er eit brev fra ~~fogdefullmektig~~-futefullmektig Claus Winter, datert Bruland 1.11. 1832.

År 1836, Jølster i Sogn og Fjordane.

Ved grenda Myklebust på sørsida av Jølstra-vatnet dukka opp ein bjørn sommaren 1836, og mange husdyr vart drepne både i utmarka og i fjøsa. Den 22. september samla alle bygdekarane seg til bjørnejakt. Dei kom fram på bjørnen eit stykke oppe i fjellet og dreiv han ned mot bøtunet på indre Myklebust, der mannofolka låg klare med børser. Men bjørnen ante uråd, bråsnudde og sprang i staden utover mot dei andre gardane på Myklebust.

I kyrkjeboka for Jølster 1833–1845 s. 180 skriv presten etter gravferda søndag 16. oktober 1836:

"D[ød]. 2 oct. begravet 16 oct gaardbruger Nils Johannesen Møklebust, 54 Aar, oppholdsted Møklebust. Ilde behandlet af en Bjørn, den rev ham Øjet bort, fordærvede Ansigtet, et Øre, Munden, en Haand, et Knæe m.m."

Det ligg ikkje føre klokkarbok for perioden. Ei anna samtidskjelde er: Ole Hannings manuskript, av sokneprest i Jølster Ole Hanning og m.a. Ole Jakobsen Myklebust, ei slags kontinuerleg dagbok fram til 1898: Lagt til rette av Egil Øvrebø, 1989, Statsarkivet i Bergen.

År 1858, Granvin i Hordaland.

Slagbjørnen som vart sagt å ha drepe mykje buskap og skadd fleire menneske i Granvin–Ulvik-området på slutten av 1850-åra, vart kalla *Folkabjødnen*, men fekk det nye utnamnet *Folkadrepo* i oktober 1858.

Ein søndag var ein familieflokk oppe i Haugsemarka, i lia tett ovafor garden Hause (Haugse), for å plukke nøtter. Då vart Hans Anderssen, født i 1796 i Vallavik, påteken av ein bjørn, og Hans døde av skadane nokre få dagar etterpå. Presten skreiv i 1858 i kyrkjeboka for Ulvik 1853–1863 s. 206:

"D. 11. oct. Gaardmand Hans Andersen, 66 Aar, Opholdssted Haugse "dræbt af bjørn."

Klokkarbok ligg ikkje føre.

År 1881, Balestrand i Sogn og Fjordane.

I traktene ved Bruhjell, nokså høgt oppe i fjellet sør for bygdesenteret Balestrand, kom ei dramatisk hending som vart mykje omtalt i si tid. Folk vart skremde av ein skadeskoten bjørn sommaren 1881. Den 10. august vart det organisert eit nytt jaktlag som lokaliserte bjørnen i skogen, og dei fyrte av børsene. Bjørnen fall, men var ikkje død, og kasta seg over jegerane som kom inn i bjørneklørne.⁷

I kyrkjeboka for Balestrand/Tjugum 1879–1888 s. 64 står innført ved gravferda den 17. august 1881:

"Gaardmand Sergeant Tolleif Thorkelsen, gift f. 1850. Blev dræbt på Bjørnejagt, medens Bjørnen laa over ham". Han vart 31 år gammal.

I klokkarboka for Balestrand/Tjugum 1880–1881 s. 126 står ikkje nemnt noko meir enn namn og datoar.

Nord-Noreg

År 1752, Ibestad i Troms.

I kyrkjeboka for Ibestad 1751–1775 på side 545 står det innført for året 1752 den 26. august, under ”døde”:

"26 aug: død Tove Michelsd gam: 25 aar. Samme Menniske blev af en Biørn ihielslagen:"

Det er uklart om denne datoer er dødsdagen, eller mest truleg; gravferdsdagen. Der står heller ikkje noko om bustad, så det er uklart kvar i Ibestad dette skjedde.

År 1766, Sørfold i Nordland.

På Kobbelveidet, i botnen av Leirfjorden ved Kobbelta ligg garden Kvalhaugmo (Kvalamo) ved Hestmyra. Der budde jenta Anniken Kvalamo dette året 1766. Foreldra til Anniken Kvalamo var dei første norske brukarane her, Ole Andersen og Kirsti Rasmusdatter. Dei kom til Kvalhaugmoen i 1763 som nyryddingsfolk (i 1766 vart garden formelt skyldsett med skyld på ½ våg fisk). Dei hadde fire eller fem barn på denne tida.

Det blir fortalt at ein søndag i slutten av oktober 1766 var denne jenta på 13 år heime åleine med ein eller fleire små søskan på garden, medan foreldra var på reise til kyrkja på Rørstad.⁹ Då folka kom tilbake frå Rørstad-kyrkja, såg dei at noko alvorleg hadde skjedd. Frå kyrkjboka for Folda 1746–1791 i året 1766 i 18. spalte (sidetal manglar):

*"Dj Ite Novem: Alle helgenes Dag, Prædiken paa Rørstad ... Jordsadt: Ole Andersen
Datter af Qwhusmoen som blev i hiel Reven af en skadelig Biørn."*

I den årlege innberetninga frå bispen, i dei såkalla bispelistene: Throndhjems Bispestol. Fortegnelse over Ægteviede, Fødte og Døde 1763–1767, står under *Mærkverdigheder blandt de døde* for 1766:

"Et 13 Aars Pigebarne af Biørnen levende opædt i Foldens Pastorat."

År 1794, Kvæfjord i Troms.

Ein dobbel-tragedie skjedde ved garden Molvik som ligg lengst nord og vest på Hinnøya i Kvæfjord. Hans Ediassen, 44 år gammal, var gift med den jamaldra Guri Andersdatter, og dei hadde tre mindreårige barn på dette tidspunktet då Hans den 31. juli 1794 kom ut for ein bjørn.

I gravferda for Guri Andersdatter, som skjedde på Trondenes kyrkjegard 21. september i Harstad, heldt soknepresten ein minnetale. I kyrkjboka for Kvæfjord 1751–1822 s. 338 står følgjande:

"14. søndag efter Trinitatis" "NB holdt Liig Tale over Hans Eidiæsen Maalvik, som anden september forhen blev begravet i Tronæs [Trondenes] Kirke-Gaard. Bemeldte avdøde ble den 31. Julii forhen, da han i marken søger at opleede sine Creature, overfaldet af en Bjørn, der sønderrev og knuusede hans Ansigt og øvrige Legeme saaledes, at uagtet at han blev førdt til lægen Hr. Stoltenberg, blev det dog efter 4 uger og 2de dage hans død i hans Alder 44 aare,

hans huustroe Guren Andersdtr blev derefter saa overveldet af Sorg, at hun i Vildelse hængte sig selv, dog fik hun Begravelse i Stilhed i Kirkegaarden.”

År 1812, Lenvik/Målselv i Troms.

Den 25. juni 1813 kom presten Gerhard Heiberg til Kjerresnes gravplass i Målselv, som den gongen låg under Lenvik sokneprestembete. Det var lenge sidan folk hadde hatt besøk av prest, og det vart jordpåkasting av dei som var døde i denne perioden. Gravplassen på Kjerresenes kom til ca. 1810, men var utan kyrkje. Elles måtte folk frå Målselv reise med båt til Lenvik kyrkje, og på Kjerresnes hadde dalingane kyrkjebåtane liggande. Der stod også eit gammalt lite hus, med måleri i dørene, helvete nedst og himmelen øvst. Gravplassen vart teken ut av bruk i 1863.

Den 25 juni 1813 førte presten inn i kyrkjeboka for Lenvik 1784–1820 s. 222, på to stader, først under dødsårsak: ”*Ihjelreven af Bjørn Alder 11*” og så i rubrikken ”De Dødes Navne”:

”*Blev kastet Jord paa følgende Liig i Molselven som alle ere døde i sidstafviste Aar.*”

”*Et Pige barn hvis Navn man ei vidste, da Forældrene mand Ole Andersen Fagerfjeld og Kone Ane Johnsd vare bortreiste.*”

Lokal tradisjon legg hendinga til staden som i dag blir kalla Bjørnmoen.

År 1812, Porsanger/Karasjok i Finnmark.

I boka Karasjokslekter blir det nemnt ein ung mann, Andersen Magga frå Ávjovárrí. Dette er ein gammal samisk buplass i ein dal langs elva Má rkansaj-guoikkavuolle som i dag ligg noko sør for RV 92 og omrent 35 km vest for Karasjok.

Ved jordfestinga 1. november 1812 i Kistrand kyrkje står i kyrkjeboka for Kjelvik i Kistrand 1792–1830 s. 349:

”*Dødsdag 14 Junii. Anders Andersen Affuvarrj hjelreven af en Bjørn. alder 24 a*” [aar]

Etter opphaldsstad ville det ha vore mest naturleg med gravferd i Karasjok kyrkje. Kistrand ligg svært langt nordafor, og det er rimeleg å tenkje seg at han var på sommarvandringa med reinsdyra og var komen nærmere kysten.

Andre kjelder: Karasjokslekter: Erik Schytte Blix, Samiske Samlinger bind 15, Norsk Folkemuseum, Oslo 1987 s. 346.

År 1822, Kistefjellet i Troms.

Lenvik prestegjeld omfatta på denne tida også Målselv. Når det gjeld dette aktuelle stadnamnet, må det dreie seg om traktene ved Kistefjellet, som ligg rett sør for bygda Lenvik (og Bjorelvnes).

I gravferda den 28. august 1822 står det i kyrkjeboka for Lenvik sokneprestembete 1820–1831 s. 96:

"Dødsdagen 25 August. Ole Larsen. Opholdssted Kistefjeld 13 ¼ år. Anmærkninger: Revet ihjel af Bjørnen."

I klokkarboka for Lenvik 1822–1837 s. 99:

"reven ihjel af Bjørnen."

År 1838, Beiarn i Nordland.

I oktober 1837 førte presten i Gildeskål inn i kyrkjeboka for Beiarn 1837–1872 s. 148.

"Formodes i Skoven at være ihjelslaaen af et vildt Dyr derefter længere Tids forløb blot Klæderne gjenfandtes."

Dødsdagen er oppgitt til 5. oktober 1838. Dette gjaldt den 3 ½ år gamle guten Lars Nicolai Pedersen med bustad på Tverrånes. Tverrånes ligg langt oppe i Beiardalen. Klokkarboka for Beiarn i Gildeskål 1821–1841 s. 234 er nokså uryddig ført, utan andre opplysninger enn namnet og alderen ”smaa 3 ½ aar.”

År 1849, Karlsøy i Troms.

Mikkelivik ligg lengst nordvest på Ringvassøya, på neset mellom Skogsfjorden og Dyrsfjorden. I bygdeboka for Karsløy skriv forfattaren H. Brattrein at det i 1849 vart nemnt at det fanst mange revegauper på Ringvassøy som tok lam og hylte og ulte nær busetnaden, utan at vi eigentleg veit kva for slags dyr dette var.

I kyrkjeboka for gamle Skjervøy sokn står det om ein liten gut på 2 ¾ år som heitte Joachim Heggli (Heggenlund) Hansen og var frå Mikkelvig. Guten vart gravlagd 3. juli 1849, og var død ei tid før dette, mest truleg 20. juni. Presten førte følgjande inn i kyrkjeboka for Helgøy i Karlsøy 1838–1867 s. 181 og 182:

"Dette barn omkom paa en høist beklagelig Maade. Han var, efter at have leget med sin noget eldre Søsken, bleven igjen inde, da han gik ind i huset, hvor Moderen laae i barselseng, da senere uud i Marken formodentlig har han gaaet efter faderen og forvildet sig. Man blev først engstelig for barnet, da en broder kom hjem og ikke havde seet det. Efterforskningen blevet da strax gjordt i alle Retninger, men forgjeves. Først 5 dager efter stodte tilfeldigviis Peder Reinertsen Skogsfjord paa barnets Liig oppe paa et øde Fjeld."

Klæderne laae sønderrevne rundtomkring ... [vanskeleg å tyde] og af ... fra det halve Laar og opover, var næsten alt kjød fortærret, hvorimod den anden del var aldeles ubeskadiget, begge Armerne vare borte. Man antager, at det er bleven bortsnappet af en Reve-gaupe, da deraf disse dyr findes en Mengde der omkring, hvilke stjæle Lam af Grindene og hyle og tude ved husene. Muligt kand ogsaa en Ørn havet taget barnet. Over... [vanskeleg å tyde] tilskriver de Andegiorelsen(?) Ulykken finnkone yttrede, man udsige, at han har været "indtikken", og ... (vanskeleg å tyde) jeg ikke forstod Udtrykket til jeg at ønskelig forklaring, hvoraf jeg tog Anledning til i Liigsalen at imødegaae denne for almindlige Overtro, da Strømpene vare trukne af benene er det ikke usandsynligt, at barnet er dødt førend Udyr har faaet fat i det."

Klokkarboka for Helgøy i Karlsøy 1845–1870 s. 144 er grei å tyde, og det står om same hendinga slik:

"Drængebarnet No 28 omkom paa en høist beklagelig Maade. Han var, efterat have leget med sin noget eldre broder, da han gikk ind i huset, hvor Moderen laae i barselseng, blev igjen ute. Faderen var i Marken. Formodentlig har han gaaet efter faderen og forvildet sig. Man blev først engstelig, da en broder kom hjem og ikke havde seet det. Efterforskningen blev strax gjordt i alle Retninger, men forgjeves. Først 5 dager efter stødte tilfeldigiis Peder Reinertsen Skogsfjord paa barnets Liig oppe paa en bakke, klæderne laae sønderrevne rundtomkring – fra det halve Laar og opover, var næsten alt kjød fortærret, hvorimod den indre del var aldeles ubeskadiget. Begge Armerne vare borte. Man antager, at det er bleven bortsnappet af en Reve-gaupe, da deraf disse dyr findes en Mengde der omkring. Mulig kan også en Ørn have taget barnet."

År 1852. Alta i Finnmark.

I førstninga av september 1852 var Berit Andersdotter frå Rafsbotn oppe i fjellet, der ho brått omkom. Rafsbotn er ein stad som ligg lengst nord og aust i den bukta som Altafjorden lagar her.

Presten skreiv følgjande inn i kyrkjboka for Talvik 1852–1964 s. 210:

"Den Opgivne Dødsdag 16 Septr. 1852 Begravelsesdatoen 19 Septr. Berith Andersdatter Alder 25 Opholdssted Rafsbotten Ihjelreven af en Bjørn, idet hun var gaaen i Marken for at sanke Rensmose."

I klokkarboka for Talvik, Kåfjord 1847–1863 s. 251 står det same.

År 1854, Kautokeino i Finnmark.

Det er på denne tida fleire innførslar om bjørn i Kautokeino-området, som strekker seg mot Nord-Troms. I april 1854 var Kautokeino-samen Mons Jonassen (Jonsen) Siri, fødd 14. oktober 1823, ute i fjellet. I rubrikken for Oppholdssted har presten ført: "Fjeldet"

Innførselen i kyrkjeboka for Kautokeino 1843–1861 s. 199 under gravferda/jordpåkastinga 12. november 1854, er elles særskilt:

Død 23. Apr Fjeldfin Mons Jonsen Siri Alder 31 Blev dræpt af Bjørnen."

Klokkarbok ligg ikkje føre.

År 1856, Nordreisa i Troms.

Ein reindriftssame Aslak Larsen Tornensis, til vanlig kalla Rukan-Aslakka, fødd i 1815, var på denne tida bufast i Reisadalen. Bestefaren var prest som kom frå Tornedalen og latiniserte namnet til Tornensis, noko også Rukan-Aslakka brukte.⁸

Presten skreiv inn i kyrkjeboka at dødsdagen var 29. juli 1856. I kyrkjeboka for Skjervøy sokn og Reisen kyrkjegard 1848–1859, sidetal manglar, ført som nr. 53 i 1856 står i gravferda/jordpåkastinga 31. august:

"ffjeldfin Aslack Larsen 40 aar af Koutokeino Blev dræpt av Bjørnen.""

I klokkarboka for Skjervøy 1849–1861 s. 539, står akkurat det same.

År 1862, Ballangen i Nordland.

Melkedalen ligg i traktene mellom Efjorden og Børsevatnet, den gongen under Lødingen prestegjeld. Her var eit lite bruk med oppsitjar Peder Knutsen og kona Maren Iversdatter. Ein dag i slutten av september 1862 tok Peder med seg gevær og strauk til fjells, men han kom ikkje tilbake.

I kyrkjeboka for Lødingen 1840–1863 s. 500 står det at han døde 8 dagar før Mikaeli (dvs. 21. september) 1862, men der er ikkje ført inn nokon gravferdsdato:

"lap Peder Knudsen Melkedal, Alder 35. Han gikk ud om Søndags Morgen forat lede efter tabte faar; faaet lidt Mad med sig og et Gevær. Er ikke gjenfunden. Nogle antager, han er dræbt av bjørnen.""

Klokkarboka for Lødingen/Lødingen 1852–1879 s. 344 har så å seie identisk ordlyd.

Snøen kom tidleg dette året 1862, skriv Magnus Pettersen i bygdeboka for Ofoten 2, s. 357/358, og Peder vart ikkje funnen att før neste sommar, ille tilreidd ved en stein ved Skårvatnet. Men det står ikkje noko meir i kyrkjeboka.

År 1897, Hattfjelldal i Nordland.

Røssvatnet var Noregs tredje største innsjø, og etter at vatnet vart oppdemt i samband med kraftproduksjon, er Røssvatnet no blitt nest størst i landet. Ved Vesterbukta i denne store innsjøen var tre karar i robåt ein junidag i 1897.

Sokneprest Ole Tobias Olsen skreiv inn i kyrkjebok for Hattfjelldal 1878–1898 s. 191 at Peter Andreas Kristoffersen, 19 år, og Lars Johan Larssen, 18 år, vart gravlagde den 20. juni 1897, og under dødsårsak og merknader:

"Druknede i Røsvand. Baaden hvelvet af en Bjørn. Ulykken skede derved at de i Baaden værende 3 Personer mødte paa Vandet med en Bjørn som sprang ind i Baaden og veltede denne."

I klokkarboka for Hattfjelldal 1879–1916 s. 196, om begge gutane står det:

*"Drukned*ne*de i Røsvandet. Båten hvelvede af en Bjørn."*

Den tredje, Elias Kolbeinsson, overlevde og vart over 90 år gammal.

Andre samtidskjelder: En Bjørn angriber en Baad paa Røsvandet og foraarsager 2 Menneskers Død: Nordland Folkeblad nr. 46, 18.6. 1897, og Nordlands Avis I nr. 26, 1897, 26. juni s. 2.

Ulv

Det er svært sjeldan å finne innførslar om ulv i gravferdslistene. Dette står i kontrast til svenske kyrkjebøker. Ei granskning i 1986 av Håkan Eles, "Vargen i kyrkböckerna", for ein del av Värmland og eitt sokn i Dalarne, påviser ei mengd innførslar på 1700- og 1800-talet. Ein grunn kan vere at svenske kyrkjebøker, som nemnt, gir meir informasjon om dødsårsaker i eldre tid.

År 1720, Meldal i Sør-Trøndelag.

Ved Høydalsgrenda i Meldal ligg det oppe i fjellet ei myr som er kalla Vargmyra. Staden er i dag merka med namneskilt. Ikkje så langt vestafor var i si tid ein husmannsplass under garden Voll. Dette er heller ikkje så langt frå Høydalsgruva, der dei dreiv ut svovelkis og kopar, og gruva var i drift på denne tida på 1700-talet. Nils Lykkja skriv om dette i Meldal Bygdebok bind 3. Gard og Ætt 1, og det blir fortalt at ein Vellik Andersen Nordvold, f. 1683, dreiv

denne husmannsplassen. Han tok seg samtidig også arbeid som smed i Høydalsgruva, dit det er berre ein $\frac{1}{2}$ times marsj gjennom skogen. Vellik døde i 1720.

I kyrkjeboka for Meldal, Rennebu og Grutsæter, 1705–1725 s. 65 står det i året 1720 innført:

"graffest Villich Nordvold bidt af Vild Ulf og døde."

Husmannsplassen vart fråflytta, truleg rett etter dette, og i matrikkelen av 1723 blir det opplyst at Nordvoll låg ”øde”.

År 1765, Risør prestegjeld i Aust-Agder.

I det gamle Risørs prestegjeld og Nedenes prosti skjedde ei hending, truleg i 1764, som kom med i dei såkalla bispelistene som vart sende inn frå biskopen i Agder for året 1765: I ei ”Oversigt Viede, Fødte og Døde i Christiansands Bye og Stift. Biskopen i Agder, pakke C1, 1765” står det i rubrikken punkt 5 for ”Remarquables Ting, Iblant de Døde”:

”I Risøers Præstegjeld og Nedenæs Provstie er eet Drenge=barn 10 Skridt fra forældres Huus bleven overfaldit og dræbt av en graadig Ulv.”

Der blir ikkje opplyst nærare om kvar dette skjedde, og kyrkjeboka for Risør prestegjeld er blitt borte, antakeleg ved ein brann i 1861. Stiftet omfatta den gongen også delar av Telemark.

År 1775, Ørsta (Hjørundfjord) i Møre og Romsdal.

Eidet er øvste garden på sørsida av Bondalen, og hørde den gongen til Hjørundfjord prestegjeld. Dette er ein nokså avsides stad. Tore Skylstad og kona Ingeborg Nilsdotter kjøpte Eidet på auksjon i 1771. Det blir så fortalt at den fem år gamle jenta deira, Synnøve, forsvann 9. mai 1775. Ho vart funnen att der det i dag heiter Britemyrteigane, eit namn som kom til då Brit Eidet, ei tre år eldre syster av Synnøve, noko seinare sette opp ein minnestein her.

Utbetalte skotpremier fortel om mange felte ulvar i dette området på den tida.¹⁰

Sokneprest Peder L. Nerem skreiv i kyrkjeboka om hendinga i samband med gravferda, og som vi ser var han usikker på kva som var skjedd. I kyrkjeboka for Hjørundfjord 1765–1829 s. 129 står det:

”D. 9.de Maji blev Tore Eidet P [ige] B [arn] borte, enten det blev sonderrevet af Ulve, eller paa anden Maade omkom, vides ikke, da i nogle Dage af hele Bygden blef søgt efter det, men ikke funden, efter 5 Uger funden dødt – 5 [aar]”

År 1800, Sørum i Akershus.

Dette handlar om ei mykje omtalt hending på Artei, nord i Sørum kommune, tett ved delet mot Ullensaker. Arteibråten eller Bråten på Vestre Artei(d) låg på den store moen i grenseområdet mellom desse bygdene, den gongen var der skogvakse og temmeleg øyde. Det blir fortalt at her var to jenter, på 7–10 år, i romjula i 1800 på ein tur i skogen nokså nær bustaden.¹¹

I kyrkjeboka for Sørum 1759–1814 s. 279 har presten skrive inn etter gravferda den 1. januar 1801:

"d 27. D og 1 Jan begraven Anne Monsdatter Artei Braaten i hielreven af en graabeens ulv. 7 aar"

Andre samtidskjelder: Norske Intelligenz-Seddeler, nr. 1, 1801.

Ulv og hjarteinfarkt!

År 1829, Soknedal i Rogaland. Ved gravferda 23. april 1829 av føderådmann Jacob Jacobsen, 67 år, på Nedre Regeland, forte presten inn i kyrkjeboka for Sokndal/Soknedal 1826–1842 s. 206:

"døde meget pludselig, idet han faaede underretning om at en Ulv var kommen blandt Gaardens kreaturer, i største hastighed og Iver sprang efter samme, og faldt død omkuld formodentlig af et indvortes Slag, som ogsaa flere gang forhen skal have yttret sig for ham."

Klokkarbok ligg ikkje føre.

Kva fortel kyrkjebökene?

Sjølv om vi må rekne med at ikkje alle fatale hendingar i møte med bjørn og ulv dei tre siste hundreåra er komne inn i kyrkjebökene, ser det likevel ut til at slike tragediar har vore svært sjeldne. (Det finst rett nok også anna kjeldemateriale og litteratur om andre dødsfall, også på 1600-talet, som kan ha rovdyrårsak, men dei er heller ikkje så svært mange.) I gjennomgangen av kyrkjebökene blir det klart at dette har vore uvanlege innførslar. I nokre av hendingane har presten dessutan formidla tvil om samanhengen. Dei aller fleste hendingane har presten skrive ned nøkternt og sakleg, i nokre hove synest han rett nok vere nærmast sjokkert over hendinga, som i 1836 i Jølster. Men i tre tilfelle er presten tydeleg i tvil om kva som er skjedd med omsyn til rovdyrangrep, og bruker uttrykk som "formodes" og "antager", og i eitt tilfelle er rovdyr-årsaka ein av fleire hypotesar.

Kva for oppstuss og dramatikk som ligg bakom kvar slik hending (i alt dreier det seg om 39 dødsfall i dette materialet), blir ikkje forsøkt vurdert her, då denne oversikta er meint

utelukkande å vere basert på ministerial-bökene. Intensjonen er å finne fram til alt som står om dette emnet og kvar det finst i dette kjeldematerialet.

Som nemnt i innleiinga er der store lakunar i gravferdslistene, særleg på 1700-talet, men nokre konklusjonar er det likevel rimeleg å trekke. Ut frå denne nokså omfattande historiske samtidskjelda som kyrkjebökene utgjer, kan det ikkje seiast at dei to store rovdyra i vår fauna har representert ein særleg stor trussel mot menneskeliv i Noreg. Ifølgje kyrkjebökene er det i gjennomsnitt 0,2 slike dødsfall per år i perioden 1705–1906. Dette omfattar dessutan tidsbolkar då det fanst svært mange av desse dyra i skog og fjell. På midten av 1800-talet var til dømes bestanden så stor at fellingspremiane viser om lag 230 drepne bjørnar og 220 drepne ulvar kvart år.

Andre dramatiske dødsårsaker har vore meir hyppige ned gjennom tidene. Frykta for rovdyr var heilt sikkert særstakt reell og på sin plass når det galdt tap av husdyr, det kunne rokke ved sjølve levegrunnlaget for eit plassbruk – men det rådde neppe så stor frykt direkte for folks eige liv og helse. Ein hende gong kunne det utvilsamt oppstå spesielle episodar i enkelte distrikt der det spreidde seg ei markant uhygge og redsle også for rovdyrangrep på menneske. Ei slik haldning kan framleis vere aktuell, noko som kjem til uttrykk i Senterpartiets program der det blir framheva prinsippet om at ”Det skal vere trygt å bu i heile landet og rovvilt skal ikkje forringje livskvaliteten til innbyggjarane.”¹²

Det er velkjent at dei politiske partia i Noreg har ulikt syn på forvaltning av dei store rovdyra, men Stortinget vart likevel i 2011 samde om eit forlik om norsk rovdyrpolitikk, der hovudmålet var å forvalte naturen på forsvarlig måte, og at vi skal ha både rovdyr og beite næring i landet. Forliket hadde til følgje eit noko lågare bestandsmål for bjørn og sterke lokal forvaltning.

Bjørn og ulv, også jerv, vart freda på 1970- og 1980-talet, og norsk rovdyrpolitikk har basert seg på å opprette såkalla kjerneområde for rovdyra. Dersom vi ser på noregskartet med dei 32 aktuelle stadene som gjennom hundreåra har kome inn i norske kyrkje/klokkarbøker, er det noko påtakleg at knapt nokon stad ligg innanfor det vi i dag reknar for kjerneområde for dei to store rovdyra. Innførslane i kyrkjebökene synest representera ei anna tid og andre tilhøve.

Litteratur:

Dyrvik, Ståle: Historisk demografi. Ei innføring i metodane. Universitetsforlaget, Bergen 1983.

Eles, Håkan: Vargen i kyrkböckerna, Värmland förr och nu ... Årsbok från Värmlands museum, nr. 84, 1986, s. 155–170.

Furseth, Astor: Drept av bjørn og ulv. Landbruksforlaget 2005.

Kiil, Alf: Arkivkunnskap. Statsarkivet, Oslo 1969.

Arneson, Søren: Kyrkjebok for Bjerkreim 1713–1834. Dreyer 1939.

Myrberget, Svein: Bjørn og ulv angriper sjeldent mennesker.[...](#) Skogeieren nr. 4, 1967.

Pontoppidan, Erik: Norges Naturlige Historie, 1752–53, bind 2. Nytt opptrykk: Rosenkilde og Bagger, København 1977 (Svangre kvinner s. 23, hodeskader s. 28).

Aaraas, Olav Befolkningskrisa i Norge 1770–74. Sult eller sykdom? Hovedoppgave i historie, UiB, 1978.

Fotnotar:

(1) Riksarkivet og Statsarkivene: www.arkivverket/kilder/ofte/kirkebok.htm

(2) Dyrvik, Ståle 1983 s. 10.

(3) Friderich Mandahl i Norske Intelligenz-Sedler, No. 17, 27.4. 1768. Sørum bygdebok 1.

Bosettings- og næringshistorie: Jan E. Horgen, 2003 s. 190/91 og s. 267–274.

(4) Dyrvik, Ståle 1983 s. 43.

(5) Herstad, John: Bispelystene som kilde til eldre norsk befolkningsstatistikk:

<http://digitalarkivet.uib.no/dadoc/Bispelystene.pdf>

(6) Solemdal, Arnold: Bygdebok for Holm sokn, bind 2. Molde 1999 s. 41.

(7) Laberg, Jon og Olav Hoprekstad: Balestrand bygdebok 1, Gards- og ættesoge, utg. 1985.

(8) Hansen, Emil: Nordreisa bygdebok, Nordreisa kommune. Trondheim 1957, s. 232.

(9) Lind, Asbjørn P.: Sørfold bygdebok. Gårdshistorie bind 1, 1996, s. 259. Alfred Buvik: Troll-lapper og trollbjørn: Hålogaland Historielag, 1943 s. 485/86.

(10) Ellingsen, Gunnar: Frå Hjørundfjord, årsskrift nr. 20, Hjørundfjord sogelag 1998, s. 132.

(11) Norske Intelligenz-Seddeler, 39de Aargang, nr. 1, 7. januar 1801.

(12) Senterpartiets heimeside (www.senterpartiet.no)

Fototekster:

Foto Bjørnejakt.KanstaA: To bjørneskyttarar i 1910 ved Kanstadfjorden i Kvæfjord på Hinnøya. Jf. hendinga med Hans Ediassen Molvik, lenger nord på øya. Foto: Hans Kanstad.

Foto Kyrkjebok.Iveland: Kyrkjeboka for Iveland i Evje 1705–1764 side 5.

Foto: Meldal K.: Kyrkjeboka for Meldal, Rennebu og Grutsæter, 1705–1725 side 65.

Foto Kors i stein: Dobbekors med bjørneklor i eit berg i fjellet ved Akse i Hyllestad, Sogn og Fjordane. Etter tradisjonen vart ei gravid kone drepen av bjørn her. Foto: Astor Furseth.

Foto aft en Biørn reven: Frå dagregisteret i kyrkjeboka for Grytten 1807–1817 side 47.

Foto. Vargmyra: Vargmyra i Meldal, Sør Trøndelag. Grunneigar Leif Wold viser staden der tradisjonen fortel at ulveangrepet på Vellik Nordvold skjedde i 1720. Foto: Frank Furseth.

Foto Kvalhaugmo: Kobbelveidet i Sørfold i Nordland. I bakgrunnen til høgre låg garden Kvalhaugmo der Anniken budde i 1766. Foto: Lyder Kvantoland.

Foto Sørum kyrkjebok: Frå kyrkjeboka for Sørum 1759–1814, i 1801, s. 279.

Kartoversikt: 32 stader der bjørn og ulv er omtalt i samband med dødsårsak i kyrkjebøkene. (Hendinga i Rogaland i 1829 er ikkje med her.) Illustr: AF

Kjerneområder: Kjerneområde for bjørn. Dei to store rovdyra skal helst halde seg til visse område nær grensa mot Sverige. Ulv finst stort sett berre i Hedmark, Oslo/Akershus og Austfold.) Illlustr: Direktoratet for naturforvaltning.